

- Naturgjevne tilhøve.
Planområde er eit sørvendt høgt nes med usedvanlig gode solforhold og god utsikt. Store delar av strandsona er bratt og lite tilgjengeleg. Det er for det meste knausar og fjell med lite vegetasjon. Vegetasjonen er mest gras og noko brake.
- Eksisterande bygg.
Det er ingen eksisterande bygningar innanfor planområdet.
- Eksisterande arealbruk
Planområde er utmark. Område er i dag veldig lite brukt. Det har vore nytta til beite.
- Eksisterande tekniske anlegg
Det er straum inn til området, men ikkje off. vatn og avløp.
- Arealbruk tilstøytande areal
Det er ein butikk, nokre bustader og naust i tilstøytande område. Nordom planområde er det eit større kaianlegg der hurtigbåten anløper.

2. Planstaus

- Kommuneplan
Det er ikkje noko reguleringsplan i område frå før, men ein har for det meste fylgt områda som er sett av til hytte, naust, småbåthamn i kommuneplanen.

3. Planforslaget

- Forslagsstillarar
Forslagstillar er Anders K. Møgster m. fl.

- Arealbruk (pbl § 25), arealoppgåve
Planområde er totalt ca. 91,7 da

Av det er:

1. Byggeområder		
Område for ritidsbustader	9,0	da
2. Spesialområder		
Friluftsområde (på land)	68,7	da
Friluftsområde i sjø og vassdrag	12,6	da
Vatn og avlaupsanlegg	0,1	da
Frisiktsone ved veg	0,012	da
Bevaring av landskap og vegetasjon	7,3	da
4. Fellesområder		
Felles avkøyrsløp	1,3	da

- Byggeområde
Hytteområda er generelt trekt opp og bak, for å ha ei funksjonell strandsona. Områda ligg også slik at det er høgare terrengparti bak, som gjer at det vert liten silhuetteeffekt.

- **Spesialområde**
 Friluftsområda på land skal nyttast til rekreasjonsområde og det kan verte lagt nokre gangstiar og sittegrupper i områda.
 Friluftsområda i sjø er tilgjengeleg for alle og med bruk som før.
 Slamavskiljar er område der ein skal grave ned ein slamavskiljar for reinsing av avløpsvatnet i hyttefeltet.
- **Fellesområde**
 Felles avkøyle er vegane inn til og i hytteområde.
- **Trafikktilhøve**
 Det er svært begrensa med biltrafikk. Øya har ikkje ferjesamband, men dei fastbuande på øya har nokre bilar. Desse bilane er det som utgjer biltrafikken på øya. Resten av folka kjem anten med hurtigbåten eller med eigen båt.
- **Tekniske anlegg**
 Ein ynskjer god standard med innlagt kommunalt vatn i hyttene evt bore etter vatn. Avløpsvatnet skal samlast i eitt utslepp og reinsast i ein slamavskillar før det vert slept ut i sjøen på sørsida av feltet. Der er det god gjennomstrøyming.
 I samband med utbygginga av tekniske anlegg må det søkast om utslepsløyve frå kommunen.
- **Konsekvensanalyse**
 Oversvømming.
 Sidan terrenget er slik som det er, kuppert, så er det liten sjans for oversvømming av overflatevatn. Hyttene ligg så høgt at det ikkje vil flø inn i dei.
 Rasfare.
 Ein ser ikkje områder i dag som utgjer rasfare eller fare for steinsprang. Utbygger må likevel vere merksam på at det ved grunnarbeid kan dukke opp ting som treng særskild sikring. Enten midlertidig eller permanent.

4. Konsekvensar

- **Naturtilhøve**
 Ny veg, gangveg og nye grøfter fører til sprenging og fylling. Hytteutbygginga vil også krevje terrenginngrep. Desse terrenginngrepa ønskjer ein å gjere så små som råd er og skjeringar og fyllingar skal ordnas på eit tiltalande vis.
 Dvs. med fine murar, ved å jordslå, så i og evt plante trer.
- **Eksisterande bruk**
 Område er i dag ikkje brukt til noko. Etter utbygginga av feltet så vil ein få auka aktivitet i område og på øya Møgster.
- **Trafikktilhøve**
 Det kjem til å bli auka trafikk når hyttefeltet blir bygd ut. Sidan det ikkje er ferje så blir det liten auke i bilbruk, men ein må rekne auke i båttrafikken og folk med hurtigbåten.
- **Tekniske anlegg**

Tenkt å kople seg på eksist vassleidning også skal ein ha mekanisk reinsing i gjennom ein slamavskillar til avløpsvatnet. Avløpsvatnet skal sleppast ut på austsida av neset der det er god gjennomstrøyming.

- Framdrift, økonomi

Område vil verte bli bygd ut etter kvart som ein sel tomtar.

Stord 15.12.2008

Rev 08.06.2009

Rev 31.03.2011

SØRLI as
RÅDGIVENDE INGENIØRER